

## Møtereferat

**Delprosjekt: P4 Kommunevåpen og ordførerkjede**

**Møtestad: Ålesund rådhus**

**Dato: 26.04.18**

**Tid: 0830-1200**

**Møteleiar: Vebjørn Krogseter**

<b>Deltakarar:</b>	<b>Kommune/repr.</b>
<b>Vebjørn Krogseter</b>	<i>Haram kommune</i>
<b>Monica Molvær</b>	<i>Ålesund kommune</i>
<b>Terje Vadset</b>	<i>Skodje kommune</i>
<b>Lodvar Espeland</b>	<i>Sandøy kommune</i>
<b>Janet Roelofs</b>	<i>Ørskog kommune</i>
<b>Christine Rørvik</b>	<i>Adm. Ålesund kommune</i>
<b>Synnøve Vasstrand Synnes</b>	<i>Adm. Ørskog kommune</i>

### Saksliste:

1. Faglege innspel til arbeidet med kommunevåpen v/eksterne bidragsytarar
2. Framdriftsplan
3. Reglar for bruk av fleire symbol

### Referat og konklusjonar:

#### Sak 1: Faglege innspel

Komiteen fekk faglege innspel frå designbyrået Elle Melle v/Therese Tomren og Hanne Vegsund Fagerslett. Deira presentasjon følgjer som vedlegg til referatet.



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Komiteen fekk vidare faglege råd og innspel frå Arvid Sveen, som har teikna ei rekke våpen for norske kommunar. Arvid Sveen deltok i møtet på telefon. Notat frå samtalen med Sveen følgjer vedlagt referatet.

### Sak 2: Framdriftsplan

Forslag til framdriftsplan for prosess knytt til utarbeiding av kommunevåpen for nye Ålesund kommune var utsendt i forkant av møtet. Komiteen meinte forslaget i utgangspunktet var bra, men hadde ein del presiseringar og endringar til foreslått framdriftsplan, mellom anna:

- Idemyldring kan realistisk sett ikkje starte opp før i august 2018 (skulestart)
- Forsommaren kan brukast til å planlegge den opne fasen
- Ein bør forskyve fristen noko, sette frist i første fase til 1. november.
- Ein bør setje nokre rammer for ideane; form (skjoldform), 1-2 fargar og ikkje for detaljert motiv, sende ut fleire malar (med eller utan krone)
- Innsending kan skje til postmottak nye Ålesund + vanleg postgang (papir)
- Det må leggest opp til mange kommunikasjonstiltak
- Det er viktig å kommunisere tydeleg at folkets favoritt ikkje nødvendigvis blir den som blir valgt til slutt.
- I andre fase: Profesjonelle aktørar må honorerast, premissane blir sett seinare
- Budsjett – det vert laga ei sak til Fellesnemnda (fortinnsvis i juni) med forslag til budsjett, basert på erfaringstall frå andre kommunesamanslåingar
- Tredje fase og utvelgelse: Komiteen er jury, dvs at det ikkje skal veljast ein ekstern jury

Endringane er innarbeidde i framdriftsplanen. Den nye versjonen følgjer møteterferatet.

Framdriftsplanen må vere eit levande dokument, slik at ein gjer justeringar i denne ved behov undervegs.

Vidare framdrift våren 2018: Forslag til invitasjonar etc kan sendast komitemedlemmane på epost, vi treng i utgangspunktet ikkje eige møte til dette.

### Sak 3: Reglar for bruk av fleire symbol

Det følgjer av pkt 2 i intensjonsavtalen at det skal lagast eit nytt kommunevåpen for nye Ålesund kommune. Vidare heiter det at dette ikkje til hinder for at Ålesund by kan halde fram med sitt våpenmerke. Det skal utformast eit eige reglement for bruk av Ålesund by sitt våpenmerke som fellesnemnda skal vedtak.



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

I møtet vart det lagt fram eksempel på regelverk frå andre kommunar, mellom anna Bergen og Trondheim. Ein ser at dette ikkje er heilt samanfallande med vår situasjon, då byvåpen og kommunevåpen for desse byane/kommunane er samanfallande.

Ein vil undersøke nærare med Riksantikvaren om her kan vere eksempel eller føringar i forhold til temaet.

### **Neste møte:**

Ein held av 24.05.18 kl. 0830-1200 på prosjektkontoret i Kremmergården som mogleg møtetidspunkt. Ein vil når møtetidspunktet nærmasr seg vurdere behovet for eit fysisk møte, eller om der er avklaringar som kan gjerast td pr epost.

Vidare arbeid i komiteen vil også vere å starte på ein prosess ift ordførarkjede.

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.